



Årleg melding 2018
Sjukehusapoteka Vest HF

Innhold

1	Innleiing	2
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2018	2
1.2	Ny verksemestrategi - Helse 2035.....	2
2	Helsefaglege styringsmål for Sjukehusapoteka Vest HF	2
3	Krav og rammer 2018	8
3.1	Helseberedskap, sikkerheit og forsyningstryggleik	8
3.1	Informasjonstryggleik og personvern.....	10
3.2	Bemanning og kompetanse.....	11
3.3	Felles kartlegging av arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur.....	11
3.4	E-helse	12
3.5	Felles eigde helseføretak	12
3.6	Oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking.....	13
3.7	Arbeidslivskriminalitet	14
3.8	Vaksinasjon av personell	14
3.9	Arbeid med risikostyring	14
4	Økonomiske krav og rammevilkår	15
4.1	Økonomiske resultatkrav og endring i driftskredittramma.....	15
4.2	Investeringar og lån	16
5	Plandokument.....	16
5.1	Utviklingstrendar og rammevilkår.....	16
5.1.1	Utviklinga innafor opptaksområdet.....	16
5.1.2	Økonomiske rammeføresetnadar.....	16
5.1.3	Personell og kompetanse	17
5.1.4	Bygningskapital – status og utfordringar	17
5.2	Strategiar og planar i helseføretaket	17

1 Innleiing

1.1 Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2018

Årleg melding 2018 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Føretaket har i 2018 oppfylt det økonomiske resultatkrav sett av eigar.

- Resultatkrav på NOK 12 mill. Prognose 2018: ca. NOK 13 mill.
- SAV har god likviditetssituasjon
- Investeringsbudsjett på NOK 9 mill. ligg innanfor eigenfinansiering.
- SAV har ikkje lukkast med overskot i publikumsutsala i 2018

SAV har sett i gang fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om digitalisering og fornying, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

1.2 Ny verksemestrategi - Helse 2035

I tillegg til sentrale krav har vi og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den nyleg vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» SAV styret vedtok denne 31.5.2018, og planen er laga med utgangspunkt i Helse Vest strategiplan «Helse 2035».

Arbeidet hausten 2018 har handla om oppfølging av strategiplanen, med utvikling av eigne fagplanar på kvart av verksemdområda. Fagplanane dannar så grunnlaget for aksjonsplanar i 2019.

2 Helsefaglege styringsmål for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppgåver for Sjukehusapoteka Vest 2018:

- *Støtte opp under og bidra i sjukehusføretaka sitt arbeid med å betre kvalitet og pasienttryggleik.*

SAV arbeider kontinuerleg for trygg og effektiv legemiddelforsyning og bruk av legemiddel. Dette skjer til dømes ved rådgjeving, deltaking i legemiddelkomitear lokalt og regionalt, LIS-arbeid lokalt, regionalt og nasjonalt, arbeid med legemiddelberedskap og deltaking i utviklingsprosjekt (t.d. KULE og anskaffing av nytt produksjonsstøttesystem for Helse Vest).

SAV har godt og tett samarbeid med relevante aktørar. Føretaket sett av betydelege ressursar til arbeid med regionale og nasjonale utviklingsprosjekt.

Føretaket vil halde fram med innsats på dei ulike områda. Ressursane i KULE har i 2018 bidrege både i arbeid med innføring og med utvikling.

- *Integrere systematisk kvalitetsforbetringsarbeid i verksemda og prioritere dette på lik linje med andre hovudoppgåver og som ein del av den daglege verksemda.*

SAV arbeider systematisk med betring av kvalitet og effektivitet i verksemda. Føretaket har gjennom styresak 45/18 *Oppfølging av forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten* gjort greie for korleis systematisk arbeid med kvalitetsforbetring blir gjennomført i verksemda.

Viktige verktøy i arbeidet er mellom anna planstruktur med strategi, fag- og aksjonsplanar, det prosessbaserte elektroniske verksemddsstyringssystemet SAVvy, systematisk oppfølging av avvik og forbettingsforslag (Synergi), systematisk oppfølging og lukking av interne og eksterne revisjonar, kompetanseutvikling og -styring, medverknad frå tillitsvalde og verneteneste og dialog med/tilbakemeldingar frå kundar.

I det vidare arbeidet skal føretaket mellom anna ha merksemd på integrasjon av interne prosessar med kundane sine prosessar etter føringar frå det regionale LIBRA-programmet. I tillegg etablering av leiinga sin gjennomgang på kvalitetsområdet og vidareføre kulturbygging rundt melding av og sakshandsaming av avvik, for å styrke systematisk oppfølging av og eigarskap til avvik i alle ledd av organisasjonen.

- *Halde seg oppdatert om, og bidra til at avgjerder som er tekne når det gjeld system for innføring av nye metodar blir sett i verk.*

SAV får informasjon om innføring av nye metodar frå Helse Vest RHF og via nettsida nyemetoder.no. Informasjonen blir distribuert til relevante mottakarar internt i føretaket.

- *Aktivt bruke avtalar forhandla fram av LIS¹ og tilrådingar frå LIS, samt arbeide for å fremje bruk av og overgang til faglege likeverdige legemiddel for å redusere medikamentkostnadene. (Sjå kap. 7.3 om tertialvis rapportering med oversikt over bruk av billegaste medikament).*

Oppfølging skjer mellom anna gjennom deltaking i lokale legemiddelkomitear, regionalt legemiddelutval og involvering i anbodsprosessar i LIS-ordninga. Regional LIS-kontakt og lokale LIS-kontaktar ved 3 av 4 sjukehusføretak er tilsett i SAV. Desse deltek i anbodsarbeid i tett samarbeid med lokale legemiddelkomitear og på samlingar i regi av Sykehusinnkjøp divisjon legemidler. I samband med innføring av regionale LIS-avtalar har SAV koordinert oppfølging av arbeidet knytt til avtalane LIS 1901, 1903, 1904 og 1907 a og b i Helse Vest.

¹ Legemiddelinnkjøpssamarbeidet

SAV har lyst ut stilling som legemiddeløkonomisk rådgjevar. Stillinga er innretta mot å betre avtaleetterleving i samarbeid med analysemiljø i SAV, HFa, RHF og Sykehusinnkjøp. I tillegg bruk av tilgjengelege statistikkverkty til oppfølging av praksis for forskriving i HFa gjennom direkte kontakt med medisinske fagmiljø.

- *Støtte opp under helseføretaka sitt arbeid med å etablere ei ordning for overgang til fagleg likeverdige, men rimelegare legemiddel basert på tilrådingane i rapporten «Overgang til faglig likeverdige legemidler og tilgrensende oppdrag». Rapporten blei sendt frå dei regionale helseføretaka til HOD 1. november 2017. Sjukehusapoteka Vest HF skal gjere greie for sin del av oppfølginga til Helse Vest RHF innan 30. april 2018.*

SAV rapporterte på styringskravet til Helse Vest RHF i mai 2018 (noko forkorta): Sjukehusapoteka Vest arbeider kontinuerleg med oppfølging av innkjøpsavtaler på legemiddelområdet. [...] I samband med sak til regionalt fagdirektormøte 53/18 om finansieringsansvar for legemiddel fekk SAV koordineringsansvar for oppfølging av saken, og skal levere ny sak til fagdirektormøte 13.juni om oppfølging.

SAV har over tid hatt som del av sin daglege drift å gje råd om bruk og etterleving av innkjøpsavtalar på legemiddelområdet, noko som har gitt bidrag til god etterleving av mellom anna LIS-avtalar. Med overføring av fleire legemiddel til H-reseptordninga siste år, endring av ansvarstilhøve på innkjøpsområdet, retningsliner for legemiddel til metodevurdering mv. er det no meir krevjande for fagfolka å ta rette avgjerder. Aukande priser innafor nokre legemiddelkategoriar understreker at det er viktig å halde seg oppdatert. SAV vil i samband med sak til fagdirektormøte i juni vurdere kva ekstra tiltak som kan vere aktuelle frå sjukehusapotekføretaket. Dette kan til dømes vere å styrke rådgiving og kompetanse på avtaleområdet, men og utarbeide undervisingsmateriell og bidra til opplæring i sjukehusa.

- *Bidra til etterleving av innkjøpsavtalar for legemiddel og spesielt H-reseptvarer i sjukehusa.*

Som følgje av overføring av finansieringsansvar frå Folketrygda til helseføretaka er ei rekke legemiddel overført til H-reseptfinansiering det siste året.

Sjå elles omtale av legemiddeløkonomisk rådgjevar under punkt om faglege likeverdige legemiddel over.

- *Bidra til at helseføretaka har tilgang på data som gir oversikt over bruk av dei mest kostbare medikamenta i regionen.*

Sjukehusapotekføretaka i Norge samarbeider om datainnsamling og oppdatering av legemiddelstatistikk gjennom databasen SLS (Sykehusapotekenes legemiddelstatistikk). SLS er drifta i samarbeid mellom de fire sjukehusapotekføretaka. SLS inneheld statistikk for legemiddelsal til sjukehus frå 2006. Føremålet med løysinga er å bidra til å oppfylle nasjonale målsettingar om rett bruk av legemiddel med omsyn til kvalitet/pasienttryggleik og økonomi.

Ei felles nasjonal løysing gjer det mogleg å samanlikne utvikling mellom regionar og sjukehus utan ekstra arbeid. Moglege gevinstar i bruk av løysinga ligg i betra styring og oppfølging av til dømes H-reseptområdet og betra oversyn av moglege gevinstar gjennom betre utnytting av LIS-avtalar. Løysinga er open for alle sjukehusapotek og sjukehus, sjå <https://sls.slmk.no>

- *Bidra til auke i del av pasientar som får gjennomført legemiddelsamstemming, med fokus på risikolegemiddel og aktuelle indikatorar.*

Gjennom deltaking i delprosjekt for kliniske prosessar i KULE har SAV i 2018 gitt bidrag til vidareutvikling av delprosjekt kliniske prosessar, som er sentralt i utvikling av funksjonalitet for mellom anna legemiddelsamstemming.

Farmasøytar bidreg til gjennomføring av legemiddelsamstemming i akuttmottak i Stavanger, Bergen og på Haraldsplass. Sjukehusa i Helse Vest nyttar seg i aukande grad av farmasøytar til legemiddelgjennomgang, særleg der pasientane brukar mange legemiddel .

- *Bidra i arbeidet med gode rutinar, effektiv flyt og god styring i legemiddelkjeda frå ende til ende (frå grossist via sjukehusapotek til sjukehuspost). I samband med dette vere pådrivar for arbeid med lukka legemiddelsløyfe og auka bruk av eindose i regionen.*

SAV har etablert automatisert lagerhald og prosessorientert logistikksystem for å effektivisere og trygge leveransane, betre internkontrollen og lette arbeidet for tilsette. Det siste året har særleg vore arbeidd med å beskrive legemiddelområdet for å sikre rett grensesnitt mot felles logistikkprosesser gjennom LIBRA prosjektet.

Gjennom deltaking i KULE-prosjektet bidreg SAV til å utvikle funksjonelle grensesnitt mellom kurveløysing, kjernejournal og legemiddellogistikk, som på sikt kan gje grunnlag for etablering av lukka legemiddelsløyfe i Helse Vest.

Ein viktig føresetnad for lukka legemiddelsløyfe er tilgang på legemidlar som eindose. Kost-nytte analyse av løysingar for produksjon av ikkje-pasientbundne eindosar i Helse Vest er ferdigstilt. I 2018 har føretaket elles jobba mot sjukehusføretaka i regionen for å sikre nødvendig forankring for oppstart av regional forsyning av ikkje-pasientbunden eindose. Fram til slik forsyning er etablert blir dette kjøpt inn frå Sykehusapoteket i Skien.

SAV har gitt bidrag i arbeid med å finne gode løysingar på legemiddelområdet for nye sjukehus i Førde og Stavanger, og har og delteke på Helsedirektoratet sin erfaringskonferanse om lukka legemiddelsløyfe.

- *Samarbeide med sjukehusa om å utvikle publikumsutsala som ein naturleg del av pasientforløpet gjennom å tilby varer og tenester som bidrag til god pasienttryggleik og service.*

Satsing på publikumsavdelingane er tema i driftsmøter og halvårlege dialogmøter med sjukehusa. Det vert lagt særleg vekt på bruk av nettside for bestilling av klargjering av reseptar, men og skilting, profilering og marknadsføring.

Publikumsavdelingane arbeidar kontinuerleg med å styrke kultur for sal- og service og auke kvalitet på rådgjeving i kundemøtet. Det siste året har arbeid med kompetanseutvikling, standardisert rådgjeving, resultatoppfølging og forbetringar blitt systematisert i større grad enn tidlegare.

Sjukehusapoteket skal vere ein faghandel som bidreg til at dei som kjøper legemidlar får informasjon som sikrar rett bruk. Arbeid med kompetanseutvikling og standardisert rådgjeving skal difor legge til rette for sal gjennom god rådgjeving. Samstundes må det vere eit servicenivå, vareutval og tenestetilbod som er attraktivt, konkuransedyktig og tilfredsstiller dei krav og forventningar som kundar har til apotek i dag.

Sentralt i arbeidet med å vidareutvikle publikumsområdet står utarbeiding av fagplanar for forretningsområdet. Dette skal gje oss eit godt plangrunnlag for årlege aktivitetsplanar- og satsingsområder i publikum.

- *Vidareutvikle system for styringsdata og for måling av kvalitets- og servicenivå.*

SAV deltek i nasjonalt samarbeid for å tilby statistikk og styringsdata på legemiddelområdet. Webbasert rapporteringsverktøy (SLMK,² <https://sls.slmk.no>) er i bruk i sjukehusa og SAV har etablert eit brukarforum for løysinga. SLMK syner helseføretaka sine legemiddelkostnader fordelt mellom anna på h-resept og nye sjukdomsområder samt modul for oppfølging og gevinstuttak (rabatt) på avtaler med mogelegheit for oppfølging av byte til fagleg likeverdig og mindre kostbare legemiddel.

Løysinga gir innsikt i eigen kostnadsstruktur, betre utnytting av LIS-avtaler og såleis uttak av potensialet for kostnadsreduksjon ved bytte av legemiddel.

Det er utvikla KPI-ar knytt til mål for t.d. legemiddelleveransar. SAV planlegg å knyte fleire KPI-ar opp mot mål på sentrale prosessar, og tydeleggjere samanhengen mellom dei strategiske måla og operative mål.

- *Medverke til gode rutinar for handtering av legemiddel, gi god opplæring og god informasjon til helsepersonell, pasientar/pårørande.*

SAV legg vekt på å ha rettleiing av høg kvalitet til kundane. Det blir arbeidd systematisk med kompetanseutvikling for alle tilsette, der både kundemøte/kommunikasjon og faglege tema er på agenda for tilsette som jobbar med rettleiing av kundar.

² SLMK: Sykehusenes legemiddelkostnader

På publikumsområdet har SAV innført tenestene Medisinstart og Inhalasjonsrettleiing.

Føretaket det siste året i tillegg utarbeidd felles plan for fagleg oppdatering, inklusiv praktisk trening på kundemøtet. Treninga er organisert gjennom månadlege «opplæringssprintar» der kvar medarbeidar må kvittere for å ha gjennomført opplæringa. Det er og utvikla og teke i bruk standardisert rådgjevingsverktøy. Opplæring og rådgjevingsverktøy vert tilpassa kampanjar, faglege satsingar og til aktuell årstid/sesong (sol, allergi, forkjøling osv.).

- *Samarbeide med sjukehusføretaka om tilbod om læring og meistring på legemiddelområdet.*

Farmasøytar frå SAV deltek i undervisning retta mot pasientar og pårørande. Undervisninga skjer anten i lærings- og meistringsseiningane eller i klinikken. Føretaket jobbar mot at legemiddelområdet og farmasøyten sin rolle skal kome meir tydeleg fram mellom anna på lærings- og meistringsområdet, gjennom arbeid med standardiserte pasientforløp i regionen.

- *Støtte opp om drift og vidareutvikling av antibiotikastyringsprogram i sjukehus, i tråd med Helse- og omsorgsdepartementet sin handlingsplan mot antibiotikaresistens.*

SAV samarbeider med helseføretaka om overvaking og oppfølging av antibiotikabruk gjennom dei lokale legemiddelkomiteane. Farmasøyt er representert i antibiotikateama på sjukehusa og bidreg med utarbeiding av lokal statistikk på forbruk av utvalde breispektra antibiotika og underviser legar og sjukepleiarar i antibiotikastyring. SAV har delfinansiert stipendiatstilling ved Kompetansesenter for antibiotikabruk i spesialisthelsetenesta i 2018.

- *Samarbeide med Nasjonalt kompetansesenter for antibiotikabruk i spesialisthelsetjenesten om rapporteringsløysing for bruk av breispektra antibiotika i Styringsportalen til Helse Vest. Det skal rapporterast tertialvis på dette til Helse Vest.*

Det blir gjennom det nasjonale SLS-samarbeidet (statistikk for legemiddel i sjukehus) arbeidd med å vedlikehalde rapporteringsløysing for utvikling av bruk av antibiotika sett opp mot nasjonale mål om 30 % reduksjon innan 2020. (<https://sls.antibiotika.no>). SAV deltek i regionalt samarbeid for å utvikle rapporteringsløysing med innkjøpsdata for antibiotika i Styringsportalen.

- *Bidra til auka pasienttryggleik og kompetanse i samhandling mellom sjukehusføretak og kommunar gjennom aktive bidrag på legemiddelfeltet. Dette gjeld særleg identifisering av risiko og finne tiltak ved skifte av omsorgsnivå.*

Farmasøytar frå SAV deltek, der dette er prioritert frå sjukehusavdeling, i arbeid med å kvalitetssikre legemiddelbruk ved skifte av omsorgsnivå. Føretaket har saman med Helse

Førde søkt innovasjonsmidlar frå Helse Vest til å setje i gang eit prosjekt «Legemiddelkoordinator». Prosjektet skal bygge på erfaringar frå Nordfjordprosjektet og skal sjå særskilt på informasjonsflyt om legemiddel i overgang mellom omsorgsnivåa.

Forsking og innovasjon

- *Medverke i forsking og utviklingsarbeid på områda legemiddelbruk og legemiddelforsyning, både i eiga verksemد og i samarbeid med dei andre helseføretaka.*

I 2018 har tre doktorgradsstipendiatar og to forskrarar ved Universitetet i Bergen fått forskingsmidlar frå Helse Vest og vore tilknytt SAV gjennom forankringsavtale. SAV har i tillegg to tilsette ved Sjukehusapoteket i Stavanger og ein tilsett i føretaksadministrasjonen som gjennomfører doktorgradsarbeid. Prosjekt der SAV er involvert er mellom anna relaterte til forbeting av kreftbehandling, samanheng mellom rusmiddel og demens og forsvarleg bruk av antibiotika.

- *Samarbeide med sjukehusføretaka i relevante forskings- og utviklingsprosjekt for å sikre gode data på behandlingseffekt av legemiddelbruk og graden av og konsekvensar av uønskte hendingar i legemiddelbehandlinga.*

SAV leverer tenester til eit aukande omfang av kliniske studiar av legemiddel. SAV si rolle i studiane er i hovudsak å skaffe legemiddel. Under dette importere, lagre, tilverke og levere ut legemiddel til sjukehuseininger og pasientar og delta i rapportering til oppdragsgjevarane. Det blir arbeidd med å utvide lisens for å utføre oppgåver for desse legemidla som reknast som tilverking i SAV.

- *Bidra til implementering av nasjonalt system for måling av innovasjonsaktiviteten i helseføretaka under leiing av Helse Sør-Øst RHF (jf. rapport frå nasjonal arbeidsgruppe frå desember 2017), og gjennomføre ei prøverapportering på aktivitetsindikatoren for 2017.*

Føretaket deltek i regionale fora for innovasjon og følgjer opp aktuelle rapporteringar. Det har så langt ikkje blitt rapportert på aktivitetsindikatoren for 2018.

3 Krav og rammer 2018

3.1 Helseberedskap, sikkerheit og forsyningstryggleik

- *Gjennomføre nødvendige oppdateringar i eigne beredskapsplanar og rutinar i tråd med både revidert Nasjonal helseberedskapsplan og Regional helseberedskapsplan for Helse Vest.*

Det er planlagt revisjon av SAV sin beredskapsplan i Q1-Q2 2019 i samband med ny revisjon av regional helseberedskapsplan. SAV deltek med representant i arbeid med revidering av regionalt plan i regionalt beredskapsutval (REBU).

- *Vurdere behov for nye tiltak for å møte langvarig bortfall av kritisk infrastruktur som straum, vann, IKT og legemidlar.*

Tiltak knytt til legemiddelområdet blir kontinuerleg vurdert av føretaket, mellom anna gjennom oppdatering av lister for kritiske legemiddel, andre typer beredskapslagring og oppfølging av mangelsituasjoner.

På IKT-området har det i 2018 blitt gjort særskilt vurdering av lagerautomater og cytodose. Når det gjeld vann og straum er SAV avhengig av helseforetaka. Behov for nye tiltak vil bli vurdert som del av planarbeidet i samband med oppdatering av risiko- og sårbarheitsanalyse.

- *Gjennomføre tiltak som gjer at Sjukehusapoteka Vest HF er klar for å implementere ny sikkerheitslov når lova trer i kraft.*

SAV avventar informasjon frå RHF om krav til tiltak etter ny sikkerheitslov. Føretaket har så langt ein person som er sikkerheitsklarert.

- *Halde fram arbeidet med å gjennomføre risikoanalyser og sikre god beredskap for sin del av kritisk infrastruktur i spesialisthelsetenesta, sikre at planane og systema er koordinerte mellom dei som er omfatta av planane, og gjennomføre øvingar regelmessig.*

Risiko og sårbarheitsanalyse vil bli revidert i samband med revisjon av beredskapsplan Q1-Q2 2019. I 2018 har føretaket hatt særskilt merksemrd retta mot førebygging av og oppfølging av legemiddelmangel. SAV har delteke på regionale varslingsøvingar i 2018, og gjennomført ei føretaksintern tabletop-øving.

- *Samordne legemiddelberedskapen og antidotberedskapen³ i regionen i samarbeid med regionalt legemiddelutval (r-LMU). Dette inneber mellom anna å ha felles rutine for handtering av mangelsituasjoner, oppdatering av kritiske lister og vurdering av beredskapslager. SAV sin beredskapsplan skal omfatte beredskap for akuttsituasjoner og forsyningssvikt.*

Regionalt og lokale legemiddelutval handsamer saker om legemiddelberedskap (kritiske lister og mangelsituasjoner). Det er etablert rutine for handtering av mangelsituasjoner, men rutiner for informasjonsflyt i kvart føretak er noko ulik. SAV sin noverande beredskapsplan legg størst vekt på akuttsituasjoner. Vekting av ulike scenario i revidert plan må setjast i samanheng med revidert risikoanalyse.

³ Antidot, motgift. Stoff som reduserer eller opphevar verknaden av eit anna vanlegvis giftig stoff i organismen.

- *Samarbeide med Mangelsenteret ved Oslo universitetssjukehus, legemiddelgrossist og Sykehusinnkjøp HF om legemiddelberedskap.*

SAV har tett samarbeid og fleire kontaktflater med aktørane, og legemiddelmangel står høgt på agendaen. Representant frå Mangelsenteret deltek fast på møter i regionalt beredskapsutval. Senteret har og ei viktig rolle i rådgjeving rundt og førebygging av mangelsituasjonar.

Føretaket har møtepunkt med grossist både aleine og gjennom samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka. Auke av beredskapslagring var del av utøving av opsjon i 2017 og er innført frå 2018. I dialogen mellom sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp er beredskap på agendaen. I samband med prosess for regionale LIS-innkjøpsavtalar har beredskap vore eit viktig tema.

- *Innarbeide omsynet til beredskap i logistikksistema og i dei leveranseavtalane som blir inngått.
Sjå punktet over.*
- *Delta i førebuingar og gjennomføring av LIVE-delen av Nasjonal helseøving 2018, der det er aktuelt med Sjukehusapoteka Vest sin kompetanse.*

SAV har delteke i dei førebuingane som har gått føre seg i Regionalt beredskapsutval.

3.1 Informasjonstryggleik og personvern

SAV har implementert regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit som ein integrert del av styring og forvaltning av IKT området. Styringssystemet har vore handsama av SAV leiarmøte og leiarmøtet har gjennomført leiinga si årlege gjennomgang av informasjonssikkerhet, sist gong 6. mars 2018. SAV har nytta malverket i styringssystemet i arbeidet. Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerhet er teken inn i årshjul for IKT området i SAV.

Arbeid med informasjonssikkerhet i SAV heng tett saman med status og tiltak innan tilsvarande arbeid i Helse Vest og Helse Vest IKT. Grunnlaget for leiinga sin årlege gjennomgang vert difor utarbeida i samarbeid med Helse Vest IKT og regionalt sikkerheitsutval (SU).

- *Halde seg orientert om arbeidet med personvernforordninga, og gjere nødvendige førebuingar for å implementere nytt regelverk.*

Ein førebur datahandsamingsavtaler på relevante system, og vil samarbeide med Helse Vest IKT om personvernombod.

3.2 Bemanning og kompetanse

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- utvikle strategiske kompetanseplanar og tiltak for å utdanne, rekruttere og vidareutvikle tilstrekkeleg tal medarbeidarar for alle yrkesgrupper/fagområde. Helseføretaket bør utvikle kompetanseplanar i tråd med måla i Helse2035, anten det er på stillingsgruppe-nivå eller individuelt der det er føremålstenleg. Dette er eit tiltak som også skal forplikte medarbeidarar til kva oppgåver dei må kvalifisere seg for i framtida.

Kompetanseutvikling er basert på SAV sine strategiske utfordringar og kundane sine behov. Satsingsområde i 2018 har vore sal/marknad, produksjon, leiing og avvik/meldekultur.

- *I dialog med utdanningsinstitusjonane arbeide for å få dei ulike utdanningane betre i samsvar med tenestene sine behov.*

Føretaket deltek i Rethos prosjektet med prosjektleiar for farmasiutdanningane.

Sjukehusapoteka Vest har systematisert dialog og samarbeid med Universitetet i Bergen og er observatør i Fagutvalet på Senter for farmasi, UiB. Sjukehusapoteka Vest har sendt førespurnad til alle universitet og høgskular som utdanner farmasøytar i høve til *Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfag-utdanningar*, om å inngå samarbeidsavtale om praksisstudentar, samt regulering av forskings-, utviklings- og innovasjonssamarbeid. SAV har vore vertstad for mastergradsoppgåver i farmasi.

- *Sørgje for at helseføretaket har eigne læreplassar, og avklare kor mange lærlingar føretaket bør ha.*

Sjukehusapoteka Vest er ikkje lærefagsverksem. Apotekteknikarar utgjer omlag halvparten av personale i drift, dei har utdanning på 3 årig vidaregående skule nivå og er autorisert helsepersonell. Øvrig halvpart av driftspersonell er farmasøytar som har utdanning frå høgskule/universitet.

3.3 Felles kartlegging av arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- gjennomføre den felles kartlegginga av arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur (ForBedring) i 2018 med metodikk som gjer det mogleg å samanlikne resultata mellom sjukehus og helseregionar. Det skal gjennomførast forbetringstiltak på identifiserte forbetringssområde når undersøkinga er gjennomført. Vidare skal resultat på nasjonale indikatorar for pasienttryggleikskultur rapporterast til Helsedirektoratet.

Alle einingar har nedfelt tiltak i *ForBetring Handlingsplan* (tidlegare HMS handlingsplan) i høve til eininga sine svar på undersøkinga. Alle einingar har diskutert resultat, tiltak med tilsette, verneteneste og tillitsvalde. Forbetring Handlingsplan er handsama i FAMU (Føretaksarbeidsmiljøutvalet).

3.4 E-helse

Helse Vest RHF ber Sjukhusapoteka Vest HF om å:

- legge anbefalingane i rapporten frå Direktoratet for e-helse om *Informasjonssikkerhet ved bruk av private leverandører i helse- og omsorgstjenesten* til grunn i det vidare arbeidet med informasjonstryggleik.

SAV har gjennom innføring av regionalt system for informasjonssikkerhet forankra roller og ansvar knytt til informasjonsikkerheit. Regionalt system for informasjonssikkerheit er under oppdatering i samsvar med nytt GDPR regelverk og andre endringar i Norm for informasjonssikkerhet i helse- og omsorgstenesta. SAV vil implementere endringane etterkvart som desse ligg føre.

SAV deltek i nasjonale prosjekt for utvikling av ny bransjeløysingar for apotek i regi av Apotekforeningen og i samarbeid mellom sjukehusapotekføretaka. Prosjekta vert gjennomført med bistand frå private leverandørar etter anskaffing i samsvar med reglane for offentlege innkjøp. Prosjekta for utvikling av bransjeløysingane gjennomfører vurdering av risiko og naudsynte tiltak innan informasjonssikkerheit i dialog med apotekføretaka og e-helsedirektoratet. Risikovurdering og tiltak vert rapportert gjennom styringsorgan i prosjekt der leiinga i SAV er representert. For å sikre tilfredstillande kapasitet og kompetanse innan arbeidet med informasjonsikkerheit, samarbeider SAV med Helse Vest IKT om etablering av personvernombod.

- *Sikre at etablerte innbyggjartenester blir nytta.*

Det er tilrettelagt for bestilling av eigne medisinar ved t.d utskriving frå avdelingane ved sjukehusa. Dette er ei enkel web. løysing. Informasjon om dette finn ein på nettsider, og på oppslag og gjennom informasjon frå tilsette ved sjukehusa.

- *Bidra i Direktoratet for e-helse sitt arbeid med å ferdigstille og ta i bruk nødvendige standardar for elektronisk samhandling, jf. forskrift om IKT-standarder i helse- og omsorgssektoren.*

SAV har ikkje hatt noko sentral rolle i slikt arbeid i 2018.

3.5 Felles eigde helseføretak

Sjukehusapoteka Vest HF skal:

- vere kjende med og halde seg orienterte om desse helseføretaka og tenestene dei skal levere, og nytte tenestene deira i samsvar med dei føresetnadene som ligg til grunn for etableringa.

SAV har avtale med Sykehusinnkjøp HF og deltek i strategisk, taktisk og operativt innkjøpssamarbeid i regionen og nasjonalt. Spesielt innan prosessar for anskaffing av legemiddel er dialog og samarbeid med Sykehusinnkjøp høgt på agenda med omsyn til felles bruk av statistikk og analysar, deltaking i anskaffingsprosjekt og oppfølging av avtaler.

SAV deltek i både fagleg og merkantilt samarbeid mellom sjukehusapotekføretaka om til dømes felles grossistadministrasjon, utvikling av legemiddelstatistikk og etablerte fora for fagleg samarbeid innan mellom anna legemiddelberedskap, oppfølging av legemiddelmangel, implementering av nytt regelverk innan transport av legemiddel, utvikling av publikumsverksemda og prosjekt for utvikling av nye apoteksysteem.

Gjennom samarbeidet med Sykehusinnkjøp (LIS) realiserer Sjukehusa i Helse Vest betydelege gevinstar i form av innkjøpsavtalar (rabattar) for legemiddel. I følge statistikk per november 2018 (SLMK) har Helse Vest innan LIS ordninga dei siste 12 månadane oppnådd 39 % rabatt på LIS avtalar med ein verdi på i alt ca. 469 mill. kr.

Ved å delta i samarbeidet med dei andre sjukehusføretaka tek SAV ut synergiar i mellom anna ved oppfølging av grossist, IKT utvikling, publikumsverksemda og beredskapsarbeid som ikkje er talfesta, men som i mange høve ville vore vanskeleg på gjennomføre utan en betydeleg auke i ressursbruk i føretaket.

3.6 Oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- sørge for at alle medarbeidarar og leiarar registrerer bierverva sine i biervervsmodulen, og at alle bierverv som blir registrerte, blir fortløpande behandla av nærmaste leiar. Det er ein føresetnad at bierverv skal avgrensast mest mogleg. Det kan være aktuelt å revidere felles regionale retningslinjer og rettleiarar for bierverv. Sjukehusapoteka Vest HF blir bedt om å delta i dette arbeidet.

Tilsette i Sav vert oppmoda til å registrere bierverv ein gong per år, ved nyhendesak på Intranett. HRO avdelinga sender årlege rapportar på status til kvar eining.

Ein har tydeleggjort at ein ikkje handsamar søknadar berre munneg. Alle søknadar skal registreras i det elektroniske verktyet og handsamas der.

- Rapportere om status for tal på bierverv per 31.12.2018 i årleg melding. Bierverv som ikkje er i tråd med regionale retningslinjer skal avviklast.

Per november 2018 er følgjande registrert:

	Oppdrag timer	Styreverv timer
Godkjent	347	55
Ikkje godkjent	8	
Utgått	210	
Søknad under beh.	4	11

3.7 Arbeidslivskriminalitet

Sjukehusapoteka Vest HF er kjend med nasjonale retningslinjer, og vedtak i Helse Vest når det tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet.

Ved Sjukehusapoteka føregår i liten grad verksemd som tilseier at ein må sette i verk einskilde tiltak for å sikre at arbeidslivskvalitet ikkje skjer på oppdrag utført for helseføretaket. I dei få tilfella der det har vore aktuelt, er det gjort avsjekk med eksterne oppdragsgivarar for å sikre at desse oppfyller gjeldande krav.

3.8 Vaksinasjon av personell

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- legge til rette for at alt personell kvart år får tilbod om sesonginfluensavaksine slik at WHO og EU sin målsetting om 75 prosent vaksinasjonsdekning for helsepersonell kan bli nådd.

Tiltak for å sikre vaksinasjonsgrad var i hovudsak knytt til ulike informasjonsaktivitetar; til dømes dialog i avdelingsmøter, nyhende på Intranett, epost til medarbeidarar frå AD, og innlegg på sosiale media. Kampanjen starta med spørjeundersøking for å kartlegge motivasjon. Datoar for vaksine vart kunngjort i god tid og det vart lagt til rette i drifta for at medarbeidarar fekk ta vaksinen.

Vaksineandelen i SAV i 2018 er pr 1.12.2018 på 60%, noko som er under målet men samstundes ein stor auke frå fjorårets 34%. Vårt syn er likevel at vaksinasjonsgraden burde vore 100% for dei som er i pasientkontakt.

Vurdering av behov for MRSA testing for studentar, nytilsette og personale i klinikks er handsama i FAMU og implementert i høve til Nasjonal veileder.

3.9 Arbeid med risikostyring

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- sørge for tilfredsstillande informasjonstryggleik med utgangspunkt i vurdering av risiko og sårbarheit, sikre oppfølging gjennom internkontroll, og styrke kompetansen om digital sårbarheit blant eigne medarbeidarar og brukarar av IKT-system. Dette skal skje gjennom godt samarbeid i heile helseføretaksgruppa. Det er mange moglegheiter for å auke merksemda blant medarbeidarar. Det er ein føresetnad at ein utnyttar dei digitale arbeidsflatene medarbeidarar brukar ofte. Tiltak skal etablerast for heile føretaksgruppa Helse Vest.
- Med utgangspunkt i Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest ber vi Sjukehusapoteka Vest HF om å gjere greie for arbeidet med risikostyring gjennom året.

Arbeidet med risikostyring er forankra i SAV gjennom leiarmøte. Alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant.

SAV har definert fire styringsmål for 2018. Risikostyring er rapportert til styret i SAV i mars, mai og oktober 2018. Resultata er kort summert opp per. utgangen andre tertial 2018 for kvart av styringsmåla;

Styringsmål 1 «Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018» har risiko knytt til tilstrekkeleg med prosjektressursar utan at dette verker inn på drift og at arbeidet med SAV sitt produksjonsstøttesystem som skal integrerast med Meona er forseinka.

Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen» har risiko knytt til at nasjonal strategi må utviklast og forankrast i regionane. Redusert risiko knytt til systematisk gjennomføring av marknadsarbeid og arbeid med kultur for meirsal gjennom dagleg rapportering av nøkkeltal og oppfølging av KPI-ar.

Styringsmål 3 «Legemiddellager skal ikkje gå tom for nødvendige medisinar» har risiko i høve til i mangelsituasjonar på legemidlar og behov for å styre legemiddelkostnader.

Styringsmål 4 «HMS er ein sjølvsagt del av arbeidsdagen.» Avviksmeldingar og tiltak vert følgd systematisk opp. System HMS i produksjon av cytostatika, samt sikker arbeidsmetodikk stikk og kutt er utarbeidet, opplæring i samsvar med prosess Risikovurdering HMT er starta opp.

Summert opp for alle delmål er risiko på eit nivå som kan handterast. Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinare handlingsplanane i SAV.

4 Økonomiske krav og rammevilkår

4.1 Økonomiske resultatkrav og endring i driftskredittramma

Sjukehusapoteka Vest har eit resultatkrav på kr 12 mill. Føretaket har lagt opp til eit budsjett i samsvar med resultatkravet og med investeringar godt under tilgjengeleg likviditet.

SAV sitt finansielle grunnlag er basert på fakturering av varer og tenester til kundar der ein eigen prismodell følgjer prisregulering frå SLV og prinsippa for prising av varer og tenester nedfelt i hovudavtalen med sjukehusføretaka.

Resultatprognose totalt for SAV for 2018 viser eit resultat på ca. 1 mill. over resultatkravet. SAV har i 2018 erfart noko svarake vekst i varesal enn føresett i budsjettet og med dette ein lågare bruttoforteneste enn budsjett. Når ein likevel ser ut til

å nå resultatkravet kjem det av lågare personal- driftskostnader enn føresett i budsjettet.

Spesielt innan publikumsområdet har ein erfart lågare omsetning enn budsjettet sjølv om det er ein fin auke i tal kundar. Årsaka er lågare både vekst og prisar enn budsjettet. Svakt resultat i publikum er kompensert av tilfredstilande aktivitet innan dei andre verksemdsområda samstundes som føretaket har god kostnadsstyring.

Likviditetssituasjonen i SAV er god. Det har vore ein tilstrekkeleg buffer for likviditet gjennom året.

4.2 Investeringar og lån

Investeringsbudsjett for 2018 (9 mill.) ligg godt innanfor det som kan finansierast med eigne midlar. Investeringar vert prioriterte ut frå kva som tener drifta av SAV best og som gir høgast meirverdi til sjukehusføretaka.

5 Plandokument

Denne delen av meldinga skal vise utviklingstrendar innan demografi, medisin, infrastruktur m. v. som vil kunne få betyding for helseføretaket og sørge-for-ansvaret. Kapittel 5.1 skal konkretisere behov i framtida, mens kap. 5.2 skal beskrive styret sine planar for å møte desse utfordringane.

I kap. 5.1 vert det på generelt grunnlag gjort greie for utviklingstrekk og forventa ressursmessige konsekvensar av dette i form av økonomi, personell og spesialkompetanse. Tidshorisont 3-4 år.

Denne delen beskriv helseføretaket sine planar for å møte utviklinga, medrekna dei områda som er skissert i kap. 5.1. Forankring til overordna strategiar.

5.1 Utviklingstendar og rammevilkår

5.1.1 Utviklinga innafor opptaksområdet

Stikkord: Befolking, kapasitetsvurdering, lokalsjukehusfunksjonar, særskilte tilhøve som f eks endring i befolkningssamansettinga, nye/større grupper med særlege behov.

Ingen spesielle kommentarar vedr 2018

5.1.2 Økonomiske rammeføresetnadar

SAV får alle sine inntekter frå sal av varer og tenester til sjukehusføretaka, pasientar, tilsette og andre brukarar av sjukehusa. Prisfastsetting på legemidlar er regulert frå Statens Legemiddelverk. Prisar på tenester innan produksjon og farmasifagleg rådgjeving vert rekna til sjølvkost og fakturert sjukehusa.

Margin frå sal av legemidlar har over fleire år hatt ein fallande trend. I 2018 har SAV gjennomført prosjekt for å betre sals- og marknadsarbeidet i publikumsavdelingane. Begge deler med mål om å betre omsetning og marginbilde. Lågare marginar og konkurranse med private utfordrar SAV til å effektivisere drifta og auke servicegrada ovanfor kundane.

SAV produserer legemidlar som industrien ikkje kan skaffe og bidreg med tilsetningar i eigna produksjonslokale i kvart sjukehus. Det er auke i etterspurnaden etter nye produkt. SAV må framover bygge kapasitet og kompetanse for å svare opp behova i sjukehusa ut frå dei risikovurderingar som til ein kvar tid vert gjort.

Som del av nye sjukehusbygg vert det sett fokus på legemiddellogistikk med mål om få til mest mogeleg lukka legemiddelsløyfe. SAV deltek i arbeidet med å avklare ulike løysingar. Realisering av mål her vil krevje auka ressursinnsats og auka investeringar, men betre pasientsikkerhet og lågare kostnader på sikt for samfunnet motiverer for arbeidet.

Apotekbransjen i Norge står fram for store endringar på systemsida. Under arbeidstittelen Digital fornying i Apotekbransjen (DIFA) skal det fram mot 2021 implementerast nytt bransjesystem i regi av Apotekforeningen. Nytt bransjesystem krev at apotekføretaka bygger opp eigne logistikk- og økonomisystem. SAV investerer i nytt butikkdatasystem i samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka. SAV skal samstundes ta i bruk SAP som nytt system innan logistikk og økonomi i Helse Vest.

SAV må dei komande åra bruke ekstra ressursar for å gjennomføre endringane. Det er ynskjeleg at dette kan skje utan at auka ressursbruk slår direkte ut i prisar og auka kostnader for sjukehusa.

5.1.3 Personell og kompetanse

SAV har laga analysar av behov for farmasøytar og apotekteknikarar i åra som kjem, og kva faktorar som gjev ulike utviklingsretningar. Analysar viser at SAV må ha stor merksemd mot prosessutvikling og oppgåvedeling forutan rekruttering. Innføring av ny teknologi vil og vere ein modererande faktor i høve framtidig behov.

5.1.4 Bygningskapital – status og utfordringar

Stikkord: Status bygg, arealeffektivisering og kostnadseffektivisering, planar og/eller nye prosjekt. Forankring i det regionale helseføretaket sine strategiske dokument.
SAV er leigetakar hos sjukehusføretaka.

5.2 Strategiar og planar i helseføretaket

Å utvikle pasientens helseteneste var det berande prinsippet når vi oppdaterte planverket for SAV i 2018.

Vi skal drive effektivt og rasjonelt sal av legemiddel og sikre at sjukehusa i regionen har ei god legemiddelforsyning. Samstundes skal vi investere i nye digitale verkty og endre arbeidsprosessar. SAV er godt posisjonert i høve til dette gjennom tilgjenge på

økonomiske ressursar, godt samarbeid med sjukehusføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest.

Det er utvikla eigne tiltaksområder i strategiplanen til SAV som mellom anna peikar på

- Arbeid med antibiotikaresistens
- Standardisering og prosessforbetring
- Utvikling av farmasøytrolla i høve pasientforløpet
- Automatisering og bruk av digitale verktøy
- Auke innovasjonsaktiviteten og tilretteleggje for forsking
- Kulturbygging for endring og forbetring
- Utvikle rolla som støtteselskap og samarbeidspartnar for sjukehusa.